



Skarsvåg Rør og Interiør AS
Melandsvegen 15
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1525 - 17/16018

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

10.08.2017

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk - GBNR 55/55

Administrativt vedtak. Saknr: 223/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 08.06.2017, og supplerande dokumentasjon journalført motteke 22.06.2017 og 07.07.2017, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk til ein fritidsbustad på gbnr 55/55.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via privat stikkledning frå kommunal kum og fram til eigedomen gbnr 55/51. Det ligg føre erklæring som sikrar eigedomen gbnr 55/55 rett til dette. Vidare ligg det føre erklæring frå eigarane av gbnr 55/8 og 55/10 som gjev eigedomen gbnr 55/55 rett til å leggja vassledning over privat grunn.

Eigedomen har godkjent utslepp for gråvatn.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av motteken erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 22.06.2017.

Vurdering:

Det ligg føre tilstrekkeleg dokumentasjon som sikrar eigedomen gbnr 55/55 rett til tilkopling til kommunalt vassverk via privat stikkledning og rett til å leggja ledning over privat grunn.

Mottekne situasjonskart og seinare motteken orientering, syner at om lag 40 meter av ledningen skal gå i grøft. Frå grøfta skal resterande ledning leggjast i terrenget i Isotermrøyr.

Kommunen ber om at ledning/Isotermrøyra vert gravd ned/dekka til der dette er mogeleg, slik at den ikkje vert utsett for skader og vert minst mogeleg synleg i terrenget.

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

Meland kommune godkjenner at egedomen gbnr 55/55 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 08.06.2017 og supplerande dokumentasjon journalført motteke 22.06.2017 og 07.07.2017 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

Faktura på tilknytingsgebyr vert ettersendt til tiltakshavar.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart gbnr 55-55
Vann på hytten - maskinell måling

Kopi til:

Knut Henrik Tiedemann Thorsen Skansemyrsveien 5019

13 A

BERGEN

Mottakere:

Skarsvåg Rør og Interiør AS Melandsvegen 15 5918

FREKHAUG